


9

4. MAI
1978

Fiskets Gang



Fiskets Gang

Utgitt av Fiskeridirektøren

NR. 9 - 4. MAI 1978

64. ÅRGANG

Utgis hver 14. dag

Side:

INNHold:

- 250 Nordsjøen gir oss muligheter.
251 Kan Nordsjøen gi oss 250 000 tonn botnfisk til konsum innan 1985?
251 Svært lovande partrålforsøk på Vikingbanken.
254 Godt samarbeid er avgjerande for vellukka partråling.
254 Kan det norske botnfisket i Nordsjøen doblast innan 1985?
256 Fisket etter nordsjømakrell bør reduseres i 1978 og 1979.
262 Loføffisket — sluttalf.
263 Lovar og forskrifter.

Forsidefoto: Kari Kvalheim.

Nordsjøen gir oss muligheter

Opprettelse av den økonomiske sonen rundt norskekysten har medført fundamentale endringer når det gjelder utviklingsmulighetene for norsk fiskerinæring. I enkelte havområder og for enkelte bestanders vedkommende gir det nye havrettsregimet muligheter for ekspansjon i det norske ilsket. Dette gjelder i Nordsjøen og spesielt torskefiskressursene (sei, hyse, torsk, hvilling) skulle kunne gi grunnlag for en vesentlig økning i fangstkvantumet. Mens andre lands fiskere gjennom alle år har drevet direkte konsumfiske etter disse fiskearter, har interessen for slikt fiske fra norsk side i de senere år vært minimal. Størsteparten av det norske fangstkvantumet har således vært tatt som innblandingsfangst i industritrålfisket. Som illustrasjon kan nevnes at norsk oppfisket kvantum av disse fiskesorter i de senere år er anslått til omkring 100 000 tonn pr. år. I langtidsplanen for fiskerinæringen er det regnet med at dette kvantum kan økes til henimot 250 000 tonn innen 1985. Et hovedspørsmål i denne forbindelse blir å få bygget opp en fangstkapasitet i den norske fiskeflåte med sikte på en rasjonell utnyttelse av dette store ressurspotensialet, og med den klare målsetning at fangsten skal anvendes direkte til konsumformål. Samtidig må det også tas hensyn til at den flåte man baserer seg på skal kunne drive økonomisk forsvarlig og gi fysisk tilfredsstillende arbeidsplasser for den som arbeider om bord.

To andre forhold gjør seg også spesielt gjeldende når man skal vurdere oppbyggingen av en konsumfiskeflåte i Nordsjøen. For det første har den økende oljeaktivitet vist seg å skape en rekke problemer for utøvelsen av fisket i dette området. Dette gjelder bl.a. innskrenkning av fangstfelt på grunn av sikkerhetssonene rundt installasjoner og rørledninger, forurengning av havbunnen som i de enkelte områder har umuliggjort lønnsomt fiske, samt en økende forsyningstrafikk til og fra plattformene som også har vanskeliggjort utøvelsen av fisket. For det andre er enkelte fiskerier i Nordsjøen inne i en periode med svak lønnsomhet, og disse problemer kan bare løses enten ved en reduksjon av flåten, ved en omlegging av driften til nye fiskerier, eller ved en kombinasjon av disse alternativer. Ut fra dette er det ansett av stor betydning å få gjennomført konkrete tiltak for videreutvikling av konsumfisket i Nordsjøen.

Som et ledd i langtidsplanen ble det i begynnelsen av 1977 nedsatt et eget utvalg under Fiskeridirektøren. Dette utvalg, det såkalte «Nordsjøutvalget», har fått i oppdrag å koordinere de offentlige tiltak som en finner nødvendig og stimulerende til en slik utvikling. Utvalget har utarbeidet et program for gjennomføring av slike tiltak i perioden frem til 1980. Prosjektene er lagt opp på et praktisk plan og det er lagt vekt på at de på kort sikt kan gi konkrete resultater.

Når det gjelder praktiske fiskeforsøk skal programmet inndeles i fire hovedprosjekter. Dette omfatter partråling etter bunnfisk, snurrevadforsøk samt utvikling av vanlig trålfiske etter bunnfisk. Både partrålforsøkene og garnfisket er igangsatt og de resultater som hittil er kommet ser meget lovende ut. I tillegg til de praktiske fiskeforsøk er det også inkludert i programmet en del forskningsprosjekter som eventuelt vil bli gjennomført i regi av Fiskeriteknologisk Forskningsinstitutt. I disse prosjekter inngår bl.a. undersøkelser av fiskekonsentrasjoner på havbunnen, utvikling av tråredskaper og teknikk bedre tilpasset oljevirkomheten i Nordsjøen, samt vurdering av muligheter for ombygging av eksisterende fartøyer til andre fiskerier enn konsumfiskefartøyer. En viktig side ved dette arbeidet er tilrettelegging av informasjon til interesserte i næringen. Til Nordsjøutvalget er nå knyttet en praktisk fiskerikonsulent som også skal overvåke gjennomføringen av det praktiske fiskeforsøk som blir igangsatt.

Det program som er lagt opp og de resultater som hittil er kommet, tyder på at vi går en interessant tid i møte når det gjelder utviklingen av et direkte konsumfiske i Nordsjøen. Det synes klart at det ligger store muligheter på dette området. Utnyttes disse muligheter på en riktig og fornuftig måte skulle de kunne gi grunnlag for en betydelig og positiv utvikling både når det gjelder fangstflåten i Sør-Norge og for fiskeforedlingsindustrien i denne landsdel, men det kreves aktiv innsats for å oppnå dette. Fra det offentlige side kan man koordinere forskjellige tiltak og sette inn stimulerende virkemidler for å få utviklingen i gang. Det er Nordsjøutvalgets oppgave å medvirke til dette. Spørsmålet om hvilke resultater dette til syvende og sist vil gi seg utslag i, det vil være avhengig av de aktive næringsutøverne selv.

B. L.

Kan Nordsjøen gi oss 250 000 tonn botnfisk til konsum innan 1985?

Vi har mykje mat til gode i Nordsjøen sitt spiskammer. Etter kvart som andre land må redusere sitt fiske i norsk sone i Nordsjøen, får vi sjølv høve til å ta ein større bit av den kaka som fiskeressursane i Nordsjøen utgjør. I langtidsplanen for norsk fiskerinæring reknar ein med at den «mulige» norske fangsten av botnfisk i Nordsjøen kring 1985 vil ligge på 250 000 tonn. Det meste av dette vil vere sei og torsk. 250 000 tonn er dobbelt så mykje som det norske konsumfisket i Nordsjøen i 1976.

Det er oppretta eit eige utval som arbeider for å fremme norsk konsumfiske i Nordsjøen, det såkalla «Nordsjøutvalet». Fiskerisjef Birger Larsen er formann i utvalet, og på leiarplass i dette nr. av «Fiskets Gang» kommenterer Larsen arbeidet til dette utvalet.

For kort tid sidan vart det gjort forsøk med partrål i regi av Nordsjøutvalet. Forsøksfisket fekk eit godt utfall, og gir grunn til optimisme. «Fiskets Gang» var med på prøvofisket med trålarane «Børvåg» og «Naley», og på dei neste sidene har vi reportasjer frå dette prøvofisket, vi ser litt nærare på kva Nordsjøutvalet er, vi kjem kort inn på dei ressursane vi har å ta av, og vi ser på kva planar Nordsjøutvalet har i den næraste tida framover.



Eit nytt vellukka trålhal på Vikingbanken blir avslutta, og fangsten er i ferd med å bli tatt om bord. Så roleg som på dette bildet kan Nordsjøen også vere, og Rolf Brunvoll om bord på «Børvåg» har ikkje problem med å fote seg når han skal greie med reiskapen.

Svært lovande partrålforsøk på Vikingbanken

150 tonn på tre turar for «Børvåg» og «Naley»

Staden er Vikingbanken og iidspunktet er 17. april. Partrålarane «Børvåg» og «Naley» er ute på den tredje turen for å drive partrålforsøk etter sei og torsk. Dei to første turane hadde gått fint, fangstane var gode. Nå på siste turen er veret så godt som det kan bli. Trålinga tok til i fire-tida om morgonen, og fem-seks timar etter er vi klar til å hale inn. Jubelen og gleden blant menneskapet er stor og ekte når posen blir synleg i vasskorpa. Resultatet blir om

lag 25 tonn stor fin fisk, for det meste sei, utan samanlikning det største halet norske partrålarar har tatt av botnfisk.

Men norsk partråling etter botnfisk er nytt, så dette rekordhalet seier forsåvidt ikkje så mykje. Det tel meir at resultatet blir jamnt godt, men også i så måte var partrålforsøket i april særskilt vellukka. På den siste turen fekk «Naley» og «Børvåg» 60 tonn på åtte hal fordelt på tre døgn, og i alt på tre

turar vart resultatet om lag 150 tonn. Kring 10 prosent av dette var torsk, resten var sei. Fisket på siste turen gjekk føre seg i området kring posisjon 60°10' N og 02°15' Ø.

Utvikling av konsumfisket

Desse forsøka var eit ledd i «Nordsjøutvalet» sitt arbeid for å utvikle det norske konsumfisket i Nordsjøen. Nordmenn er stort sett ukjende med partråling etter konsumfisk, men metoden er brukt av



Her på Vikingbanken ligg det godt til rette for partråling. Botnen er stort sett jamn og fin. Også utanlandske partrålarar og snurrevadbåtar driftar etter konsumfisk i området. Her er Karmøy-båten «Naley» i ferd med å gjere klar til ny tauting.

danskar, tyskarar og britar i fisket i Nordsjøen. Skal partråling løne seg, må fangsten sjølvsagt bli større enn det to trålarar kunne ha fått samla dersom dei hadde fiska åleine. Under forsøka på Vikingbanken var det ikkje tvil om at fangsten var større. «Naley» med


skippar John Christensen, industri-trålar frå Karmøy, gjekk ut for å drive partråling for eiga rekning saman med Møre-båten «Henko» etter at forsøksfisket var avslutta. Også eit anna partrållag frå Karmøy har prøvd seg, og ei rad andre har synt interesse for å prøve.

Utstyret til partråling

Det trengst sjølvsagt ein del spesialutstyr for å kunne drive partråling. Sekretær i Nordsjøutvalet, fagkonsulent Helge Otterlei i Fiskeridirektoratet, fortel til «Fiskets Gang» at ein på «Børvåg» og «Naley» nytta ein tysk trål. Det finst elles ein skotsk type, men den er langt større, og også norske reiskapsprodusentar er på marknaden med utstyr.

I partråling slepp ein å bruke tråldører. Hovudwiren som vart nytta under prøvofisket var 600 famner 2 1/2" wire, svipene var 200 famner 3" og hanefoten var 70 m. I hanefoten vart brukt eit trekanta børtre. Maskevidda i posen var 80 mm. Slik båtane nå var rigga var det nødvendig med minimum 3—400 Hk på kvar båt for å få reiskapen til å fungere tilfredsstillande.

Taufarten var 3—3 1/2 mil. Det er viktig at taufarten er jamn. Om bord i båtane var det montert eit såkalla dynamometer — ein trykk-indikator — som viser belastninga på wirane. Dette hjelpemiddelet viste seg å vere svært nyttig. Elles



Det skal litt plass til å ta mot 25 tonn frå eitt hal, helle dekket på «Naley» vart fylt med fisk. I det heile er det viktig at dei som vil drive dette fisket, innrettar dekk og rom slik at arbeidet kan bli lettast mogeleg, og fisken kan få god kvalitet.



Sverre Flem på «Børvåg» passar på at trålposen går ut utan problem.

er det viktig å vere utstyrt med radar for å kunne bedømme avstanden mellom båtane medan tauinga held på. Vanleg avstand mellom båtane under forsøksfisket var 5—600 m. Ein Decca-skrivar kan også vere til god nytte ettersom ein da kan taue opptatt nøyaktig same rute om dette skulle vere ønskeleg. Elles trengst det ikkje anna utstyr enn på ein normalt godt utstyrt einbåtstrålar.

Behandlinga av fisken om bord

Målet til Nordsjøtvalet er sjølv-sagt at partrålarane sine fangstar skal nyttast til konsum, og at kvaliteten skal vere så god som råd, seier fagkonsulent Otterlei. Derfor må fisken bløggast og sløyast om bord og takast hand om på beste måte. I dag har vi ikkje ein utbygd nordsjøflåte for konsumfiske, men det ligg i korta at ein del av industritrålarflåten kan ombyggast til

konsumfiske. Dei båtane som vart nytta under prøvofisket var heller ikkje spesielt arrangert for behandling av konsumfisk om bord, og det er heilt klårt at arrangement på dekk og i rommet har mykje å seie for kor lett fisken kan behandlast, og kor godt den kan bli tatt vare på.

Den norske industritrålarflåten er i ein vanskeleg situasjon, og omlegging til konsumfiske burde vere eit tiltalande alternativ for mange. Det er heller ikkje særleg omfattande arbeid som må til for å rigge om ein industritrålar til konsumfiske. Til sist vil det likevel bli eit spørsmål om kva som løner seg best, og det er ikkje grunn til å halde hemmeleg at fiskarane er misnøgde med den prisen dei får for konsumfisken frå Nordsjøen. Pris- og inntektsspørsmål vil derfor få mykje å seie for interessa for norsk konsumfiske i Nordsjøen.



Trålposen er nettopp komen opp i sjøen. «Naley» er i gang med å dra posen opp til skutesida, medan vi om bord på «Børvåg» kan slå fast at dette er eit storhal — 25 tonn skulle det vise seg.

Godt samarbeid er avgjerande for vellukka partråling

— Evne og vilje til samarbeid er viktige eigenskapar for å oppnå gode resultat med partråling, seier skippar Oddvin Longva om bord på «Børvåg», eit av dei fartøya som Fiskeridirektoratet har leigd på heilårsbasis for prøvefiske.

Det nyttar lite for to fartøy å drive saman dersom dei ikkje blir samde om opplegget for fisket. Da kan det gå som det gjekk eit dansk partrål-



Skippar Oddvin Longva på «Børvåg» har tru på at partrålfiske kan bli ei drivverdig driftsform.

lag. Dei to skipparane — som forresten var brør — ville tauke i kvar si retning, og ingen ga etter. Dette gjekk sjølvstakt gale. Reiskapen vart øydelagd, og båtane måtte gå til lands. Vel i hamn, storma skipparane opp på kaia og let knyttnevane avgjere kven som hadde rett...

Minuset med partrål er mellom anna at to båtar deltek, og dersom den eine får skade, blir også den andre sett ut av drift. Men for å gardere seg mot dette, kan ein også ha einbåtstrål om bord. Tyskarane brukar ofte å ha det.

— Men skippar Longva, har du tru på eit lønsamt partrålfiske som heilårsdrift?

— Ennå veit vi ikkje kor lang tid av året vi kan drive lønsamt med partrål, og for ikkje å ta for sterkt i, kan ein i alle fall seie at det i lange periodar er drivverdig. Det er all grunn til å tru at det var langt meir fisk på feltet tidlegare i vinter enn nå når vi driv forsøksfiske, men sjølv nå var det godt drivverdig fiske, det viser fangstane vi fekk. Det er også truleg at det kan drivast partråling på andre felt enn Vikingbanken, men dette veit vi ennå ikkje nok om, seier Oddvin Longva. Longva ser på partrålfisket førebels som eit tillegg til anna fiske, og han trur ikkje det vil vere klokt med ei for rask og ukontrollert utbygging av dette fiskeriet.




Konsentrasjon må til. «Børvåg»-mannskapet passar på at wirane oppfører seg skikkeleg. Frå v. Rolf Brunvoll, Hartvig Otterlei og Sverre Flem.

Kan det norske botnfisket i Nordsjøen doblast innan 1985?

I langtidsplanen for fiskeria heiter det at den «mulige» norske fangsten av botnfisk i Nordsjøen omkring 1985 vil vere på 250 000 tonn. Omkring 1980 reknar langtidsplanen med at fangstkvantumet kunne ligge på 220 000 tonn. Dersom Norge skal nå eit kvantum på 1/4 mill. tonn innan 1985, må det norske botnfisket i Nordsjøen doblast i høve til fisket i 1976.

Det er klart at ordninga med økonomisk sone vil slå sterkare ut til fordel for Norge utover i 1980-åra med tanke på fisket i Nordsjøen. Ein del land som vi ikkje har gjensidige fiskeriinteresser med, vil måtte slutte sitt fiske i norsk sone i Nordsjøen, og arbeidet med å få balanse i fisket mellom EF og Norge vil venteleg gi Norge gradvis større kvantum. Døme på land som alt no må trappe

ned sitt fiske er Polen og Aust-Tyskland. I 1978 har Polen ein kvote i norsk sone sør for 62° på 1 300 tonn torsk, 7 800 tonn sei og 500 tonn makrell. Aust-Tyskland har ein kvote i same område på 400 tonn torsk og 2 500 tonn sei. Andre land som har kvotar i norsk sone sør for 62° er Sverige som har 700 tonn torsk, 1 500 tonn hyse, 1 200 tonn sei, kviting og lyr, 5 000 tonn augepål og 3 000 tonn mak-



Norske fiskarar kan ta 100 000 tonn sei i Nordsjøen sør for 62° i 1978. Dette dekker truleg behovet for 1978, men seinare bør kvoten auke.

rell. Sovjet har ein kvote på 40 000 tonn sei og 1 000 tonn makrell, og Færøyane har 15 000 tonn makrell.

Norge—EF avtalen for 1978

I kvoteavtalen med EF for 1978 har Norge fått dekkja sitt behov for torsk, sei, hyse, kviting og raudspette i Nordsjøen. Alle desse fiskeslagane er fellesbestandane med EF. Sjølv om det norske behovet for 1978 er dekkja, er kvotane like-

vel små, og i avtalen med EF er det tatt atterhald om at kvotane for 1978 ikkje skal verke bestemmande for kvotar i seinare år. I 1978 har Norge følgjande kvotar for botnfisk-artane (tala i parentes vise kor mykje av kvoten som kan takast i EF-sonen):

Torsk 30 000 tonn (6 000 tonn)
 Hyse 18 000 tonn (5 000 tonn)
 Sei 100 000 tonn (14 000 tonn)
 Kviting 22 000 tonn (8 000 tonn)
 Raudspette 2 000 tonn (1 000 tonn)

EF på si side har følgjande kvotar (tala i parentes viser kor mykje av kvoten som kan takast i norsk sone):

Torsk 206 000 tonn (25 400 tonn)
 Hyse 91 000 tonn (17 800 tonn)
 Sei 130 000 tonn (44 300 tonn)
 Kviting 146 000 tonn (12 300 tonn)
 Raudspette 93 000 tonn (12 000 tonn)

I dette oversynet er det norske bankfisket etter lange, blålange, brosme og pigghå halde utanfor. Vi har heller ikkje gått inn på industrifisket og fisket etter sild og makrell.

Nye forsøk med garn og trål i Nordsjøen

Nordsjøutvalet arbeider med nye forsøk for å utvikle konsumfisket i Nordsjøen. I det siste har det vore i gang forsøksfiske med garn, og det er tatt gode fangstar av fin torsk, mellom anna på Lille Fiskebank. Til hausten blir det sett i gang nye trålforsøk, denne gongen med einbåtstrål. Dei første forsøka skjer i august, og i oktober held forsøka fram og varer ut året.

Fisket etter nordsjømakrell bør reduseres i 1978 og 1979

av havforsker Erling Bakken, Havforskningsinstituttet



Det er grunn til å tro at Det internasjonale råd for havforskning på sitt møte nå i mai vil komme med nye anbefalte kvotetall for fisket etter nordsjømakrell i 1978. Dette kan bety at de kvoter for fisket som allerede er fastsatt bør reduseres. Ut fra en viss risiko for totalt sammenbrudd i bestanden, og ut fra en vurdering av mer langsiktige norske interesser, vil det være riktig å redusere fisket av nordsjømakrell i 1978 og 1979, skriver havforsker Erling Bakken (bildet) i denne artikkelen.

Jeg skal her gi en orientering om de vurderinger forskerne har gjort av situasjonen for makrellbestanden og derved av grunnlaget for fisket i den nærmeste tid.

Den totale årsfangst av makrell har endret seg sterkt i løpet av siste 10-års periode. I begynnelsen av perioden lå alle lands samlede fangst av makrell i Nordsjøen og Skagerrak på 800 000—900 000 tonn pr. år, senere sank fangstmengden raskt til en bunn på under 200 000 tonn i 1972. I årene etter økte fangstene noe og var i 1974, 1975 og 1976 rundt 300 000 tonn.

Etter de oppgaver som nå fins om fangstene i 1977 ble totalen om lag 270 000 tonn. Av dette tok norske fiskere 182 000 tonn, tilsvarende 68 prosent. Den færøyske fangsten var på 41 000 og den danske på 22 000 tonn. Ingen av de andre nasjonene tok over 10 000 tonn hver.

Den totale årsfangst i Nordsjøen og Skagerrak har i siste 10-års periode vært direkte bestemt av makrellbestandens størrelse, og av de fangstkvoter som etter dette har vært satt for det norske industrifisket. Det har derfor fra norsk side vært satset meget på å beregne størrelsen av makrellbestanden og å overvåke endringene fra år til år. For dette formål har merking, med bruk av innvendige merker i makrellen, vært av stor betydning. I tillegg har vi både fra norsk og utenlandsk side samlet inn et stort antall prøver av fangstene for å bestemme alder og beregne beskatningen på de forskjellige alderstrinn.

Det materialet forskerne derved får over, gir mulighet for å bestemme makrellbestandens størrelse hvert år med rimelig pålitelighet. Men det er likevel en del forhold som gir usikkerhet og mulighet for feilberegninger. Dette vil jeg komme tilbake til litt senere.

Jevn nedgang siden 1972

I slutten av 60-årene var bestanden av makrell i Nordsjøen meget stor, men ble på grunn av det norske snurpefisket raskt redusert. De strenge reguleringstiltakene i begynnelsen av 70-årene førte til at bestanden tok seg raskt opp fordi den sterke 1969-årsklassen ble beskyttet. I 1972 var bestanden av kjønnsmoden makrell i Nordsjøen nær 800 000 tonn. I årene etter har vi hatt en langsom, men stort sett, jevn nedgang. Fangstkvotene for det norske industrifisket har derfor måttet følge nedgangen og er etter hvert blitt redusert. Likevel har bestanden av kjønnsmoden nordsjø-

makrell minket og er nå beregnet å være under 500 000 tonn.

Liten rekruttering

Hva er så årsaken til denne utviklingen?

Til dette må vi svare at nedgangen i bestanden har direkte sammenheng med at det har vært en rekke svake årsklasser og derfor meget liten rekruttering til den voksne bestand, uten at vi kjenner årsakene til at årsklassene er så svake.

I nordsjøbestanden av makrell har det ikke vært noen årsklasser av nevneverdig styrke siden den store 1969-årsklassen. Denne årsklassen har båret fisket i årene etter 1973, og i fjorårets (1977) fangster utgjorde denne årsklassen alene 30 prosent i antall.

Beregningene av rekrutteringen til makrellbestanden er et av de forhold, som jeg nevnte tidligere, som gir usikkerhet. For mange andre fiskearter har vi mål på rekrutteringen allerede i første leveår, men for makrellen kjenner vi ikke årsklassenes styrke før de opptrer i fangstene. Forskerne har derfor måttet bygge på antakelsen om en gjennomsnittlig styrke når fangstkvotene er blitt beregnet. Dette gir ikke så store utslag for makrellbestanden hvis svake og sterke årsklasser veksler over en 6—8 års periode. Men vi har, som nevnt, siden 1969 bare hatt svake årsklasser, og har altså ikke fått den rekruttering vi med rimelighet kunne forvente.

Innblanding av vestlig makrell

Som kjent består fangstene i Shetlandsområdet av en stor del makrell fra den vestlige makrellbestand. Denne overvintrer og gyter sør og vest for De britiske øyer, men deler av bestanden kommer om sommeren vestfra inn i Shetlandsområdet og den nordlige del av Nordsjøen. For å kunne beregne størrelsen av nordsjøbestanden er det viktig å kunne bestemme an-

delen av vestlig makrell. Dette har vi gjort ut fra gjenfangster av makrellmerker, men det har vist seg vanskelig å foreta disse beregningene for 1976 og 1977. Årsaken til dette er at fisket, ikke i samme grad som tidligere, har foregått i adskilte perioder på adskilte fangstfelt. Derved blir det vanskeligere å henføre merkegjefangstene fra sildoljefabrikken til riktig fangstfelt. Dette har ført til at vi ved beregningene i 1977 antok at det var fanget en større mengde nordsjømakrell ved Shetland i 1976 enn det som var tilfelle.

Siden 1975 har norske havforskere samarbeidet med forskere fra andre land om vurderinger av makrellbestanden innen Det internasjonale råd for havforskning (ICES). Denne organisasjonen har så gitt anbefalinger om beskatningen ved å sette totalkvoter for hvert år. For 1977 ble den anbefalte kvote for Nordsjøen og Skagerrak opprinnelig satt til 165 000 tonn. Denne ble senere hevet til 220 000 tonn. Etter det vi nå ser, var det neppe riktig å heve kvoten. Som tidligere nevnt, ble fangsten i 1977 270 000 tonn. Kvoten, som altså var noe for høyt satt, ble overfisket med 20 prosent. Når det gjelder den norske fangsten, så bestemte Fiskeridepartementet etter uttalelse fra Reguleringsutvalget at den skulle settes til 160 000 tonn, men som vi vet ble det tatt 182 000 tonn i 1977. Tilstanden i bestanden av nordsjømakrell må mane til stor forsiktighet. Vi har sett at bestanden av kjønnsmoden makrell, dvs. gytebestanden, nå er kommet svært langt ned, og vi kan ikke vente noe tilskudd av de seneste årsklasser i de nærmeste år. Den fangst som taes av denne bestanden i 1978 og 1979 vil derfor direkte redusere gytebestanden med tilsvarende mengde.

Fisket bør reduseres til et minimum

For makrellbestanden i Nordsjøen er det ingen klar sammenheng mellom gytebestandens størrelse og rekrutteringen, men ut fra rekrutteringen de senere år og ut fra generelle betraktninger på basis av andre pelagiske fiskebestander, må en anta at det ikke er tilrådelig å la gytebestanden reduseres ytterligere. Konsekvensen av dette er at en snarest bør reduse-

re den totale internasjonale fangst av nordsjømakrell til et minimum.

Fisket i Nordsjøen beskatter både nordsjøbestanden og den vestlige makrellbestand. I motsetning til nordsjøbestanden har den vestlige bestand hatt rekruttering fra en serie relativt sterke årsklasser, og tross store fangster i 1975 og 1976 har bestanden holdt seg på et jevnt og høyt nivå. Denne bestand kan følgelig tåle en betydelig beskatning og fangstkvotene bør nå kunne settes til noe over 400 000 tonn.

Den situasjon vi er oppe i, er altså at vi har en nordsjøbestand som ligger på et meget lavt nivå og som en kan si lider av rekrutteringssvikt, og en vestlig makrellbestand som er stor og som kan tåle betydelig beskatning. Ut fra et rent biologisk og bestandsmessig synspunkt bør derfor makrellfisket i den nærmeste tid reguleres slik at beskatningen føres fra nordsjøbestanden over på den vestlige bestand.

Situasjonen for nordsjøbestanden slik den er skissert her, er dårligere enn det forskerne forutså da bestanden sist ble vurdert, i februar 1977. På det tidspunkt hadde en lite kjennskap til årsklassene 1975 og 1976 og selvsagt ikke fangstoppgever for 1977. Fangstkvoten for 1978 for Nordsjøen og Skagerrak ble beregnet til 190 000 tonn. Denne kvote er grunnlaget for den avtale som er inngått mellom Norge og EF om

bl.a. makrellfisket i inneværende år. Avtalen bygger på at bestanden av nordsjømakrell er en fellesbestand, og at den vestlige makrellbestand er en EF-bestand. Fratrukket det Norge har gitt tredjeland, dvs. Færøyane, Sverige og Sovjet, kan norske fiskere i Nordsjøen og Skagerrak ta 124 500 tonn av den nevnte totalkvote på 190 000 tonn. I tillegg kommer 30 000 tonn av den vestlige bestand som kan fiskes av norske fiskere i områdene vest av Skottland og i Den engelske kanal.

Riktig å redusere fisket

Det internasjonale råd for havforskning vil antakelig i mai avgis rapport med anbefalte kvoter bl.a. for makrell. Det er grunn til å tro at Rådet vil ta hensyn til de nyeste vurderingene av bestandssituasjonen for nordsjøbestanden og gi nye kvotetall for 1978. Dette vil bety at en fra norsk side vil måtte overveie om det ikke er grunn til å redusere det norske fisket av makrell fra nordsjøbestanden slik at fangsten blir mindre enn de 124 500 tonn en hittil har regnet med fra Nordsjøen og Skagerrak i 1978. Dette vil uten tvil by på en rekke problemer, nasjonalt og internasjonalt, men ut fra en viss risiko for totalt sammenbrudd i bestanden, og ut fra en vurdering av mer langsiktige norske interesser, vil det etter min oppfatning være riktig å redusere fisket av nordsjømakrell i 1978 og 1979.

A/S NOFI. ET SAMLENDE BEGREP FOR FISKEREDSKAP OG ERFARING. LANGS HELE KYSTEN.

Gjennom hundre år har våre bedrifter drevet med produksjon og salg av fiskeredskaper. Av ulike slag til bruk i alle typer fiskerier.

Vår bransje har hele tiden vært i sterk utvikling. Råstoffgrunnlaget i havet har endret seg, og nye redskaper og nye produksjonsmetoder er blitt utviklet. Vår lange erfaring og innsikt mener vi har vært vår styrke i denne sammenheng. Vi kjenner fiskernes problemer, og våre fagfolk vet hvordan problemene kan løses. Vi har spesialister på trål-, not-, garn- og tauproduksjon — og spesialister på redskapssalg til fiskere og andre.

Vi vet hvor viktig det er å være tilstede langs hele kysten. Derfor finner du NoFi-gruppens folk fra Egersund i syd til Båtsfjord i nord. Vi er der — fordi vi vet det er behov for oss.



NOFI
 Damagårdsvei 77/79
 Postboks 870
 5001 Bergen
 Tefonen (05) 26 29 00



Britisk kolmulefarse til Japan

Japanarane leitar med lys og lykte etter eit passane råstoff for produksjon av surimi, eit farseprodukt som er dagleg kost for millionar av japanske familiar.

Alaska Pollock, ein fisk som liknar på vår sei, er råstoff for surimi. Men etter at USA og Sovjet innførte 200-mils fiskerisoner, får ikkje japanarane på langt nær fiska så mykje pollock som før, og treng annan fisk til surimiproduksjonen.

Nå vil dei prøva kolmule, ein rime-

leg fisk som det er store kvanta av i Nordsjøen, vest av Skotland og rundt Færøyane. «Fishing News» opplyser at japanske kjøparar har planar om å senda maskiner til Stornoway på Hebridane for å produsera kolmulefarse nå i vår. Det er frå nå, og eit par månader framover, det «store» fisket etter gytande kolmule går føre seg. I dette fisket var nordmenn pionerar. Men om vi var først med å få kolmulen på dekk, ser det altså ut til at britane kjem før oss med konsumeksport! Når kjem vi etter?

Peru: 410 000 tonn fiskemjøl i år?

Peru reknar med å produsera 410 000 tonn fiskemjøl i år, skriv «The Andean Report». Bladet har rekna ut at 250 000 tonn av dette vil gå til eksport. Mesteparten av fiskemjølet vil bli produsert av andre fiskeslag enn anchoveta.

Forbod mot anchovetafiske.

Fisket etter anchoveta vart forbode i midten av februar. Til då var det tatt minst 520 000 tonn, blir det opplyst offisielt. Private kjelder meiner det vart fiska rundt 600 000 tonn, skriv «The Andean Report». Bladet reknar med at forbodet mot anchovetafiske vil bli gjort gjeldande ut året. Men talsmenn for oppmalingsindustrien trur at anchovetafisket blir åpna att om kort tid langs den sørlegaste delen av kysten.

Det var der fisket var best dei seks vekene fisket sto på. Meir enn 300 000 tonn anchoveta vart ført i land i hamnebyen Ilo, som ligg langt sør. Den varme havstraumen Nino, som med god hjelp av overfisking, bortimot utrydda anchovetaen ved Peru, har ikkje hatt nokon verknad på sørkysten. Dei fleste reknar også med at det er ein eigen anchovetastamme i dette området. Før om åra har anchovetafisket fått halda fram rundt Ilo sjølv om det har vore fiskeforbod ellers på kysten.

Men hovudmengda av fiskemjølet vil bli produsert av andre fiskeslag enn anchoveta. «The Andean Report» hevdar at fiskeflåten vil levera ein million tonn sardiner og annan matfisk til oppmaling i 1978. Dessutan vil rundt 250 000 tonn avfall og overskot frå fryse- og hermetikkindustrien gå til oppmaling. Det blir sagt at Peru reknar

med å fiska 1,8 millionar tonn av ulike fiskeslag til oppmaling i år.

Over 2 millionar tonn til oppmaling i 1977.

Fiskeridepartementet i Peru opplyser at 2 021 091 tonn fisk gjekk til produksjon av fiskemjøl i 1977. Av dette var 792 085 tonn anchoveta. Det er ein kraftig nedgang i fisket etter denne viktige industrifisken. Året før, i 1976, vart det til dømes fiska 3 863 049 tonn anchoveta til oppmaling, og også i 1974 og -75 meir enn 3 millionar tonn pr. år. «The Andean Report» siterer fiskeriministeren i Peru, som opplyser at landet produserte rundt 400 000 tonn fiskemjøl i fjor.

Større delar av fiskeindustrien over på private hender.

Pescaperu, det statseigde industrifiskeriselskapet, kunne visa til overskot i 1977. Men selskapet held fram med å selja utstyr og seia opp folk. Pescaperu har nå vel 7 000 tilsette. Talsmenn for selskapet hevdar at Pescaperu treng tilførsler av minst 1,8 millionar tonn industrifisk for å få balanse i budsjettet i år.

To andre statsselskap, Pepesca og Challpesa som driv frysing og hermetikkproduksjon av konsumfisk, er også inne i ein hardhendt omstillingsprosess. Staten har selt 80 prosent av aksjane i eit av dei største anlegga til private interessar, og har gjort det kjent at styresmaktene er interesserte i samarbeid med private firma om utbygging og drift av den statselgde anchovetahermetikkfabrikken i Ilo. Til dette pro-

sjektet trengst det minst 3 millionar dollar. Staten er også interessert i samarbeid med private for å skaffa pengar til å gjera ferdig større foredlingsanlegg i Samanco i nord og La Puntilla på sørkysten. Desse anlegga er halvferdige, og mykje av utstyret er innkjøpt, men har stått lagra ute i eit par år og er nå delvis øydelagt av rust.

Interesse for utvida utanlandsk fabrikktrålarfiske.

«The Andean Report» skriv også at Peru er interessert i avtalar om fiske med fleire utanlandske fabrikktrålar langs kysten. Polske og kubanske fiskefartøy har, etter avtale, fiska utanfor Peru dei siste fem åra, og leverer deler av fangsten i land. Nesten fjerdeparten av den konsumfisket som vart landa i Peru i fjor, kom frå desse trålarane. Dei leverte 100 861 tonn av totalt 448 146 tonn, og fiskeriministeren hevdar at dette gav Peru ei nettoinntekt på vel 10 millionar dollar. Mesteparten av fangstane frå dei polske og kubanske fabrikkskipa er lysing (hake), som stort sett går til eksport.

Mjølfabrikk i miniformat frå skotsk firma

Ein komplett fiskemjølfabrikk med måla 3,8 x 2,4 x 2,7 meter er utvikla av det skotske firmaet Anderson Engineering (Keith) Ltd. Firmaet har alt fått ordre på to anlegg, og frå utlandet strøymer det inn spørsmål om anlegget, mellom 60 og 80 til nå, skriv «Fishing News». Anlegget har ei vekt på 5,5 tonn, prisen blir rundt kr. 650 000 og kapasiteten ca. 250 kg fisk, avskjær eller anna fiskeavfall i timen. Dei to første anlegga skal leverast til Storbritannia, men fiskeprodusentar i USA, Malaysia, Tyrkia, Sovjet, Den Arabiske Golfen og Afrika har sagt seg interessert i slike anlegg. Anlegget er konstruert med tanke på installasjon om bord i fiskefartøy, men sjølv sagt også brukast i land, opplyser «Fishing News».

Franske fiskekassar til Irland og Storbritannia

Det franske firmaet Allibert har hatt storsal av plast fiskekassar i Irland i det siste, skriv «Fishing News». Dette har samanheng med at Irland har sett i gang ein kampanje for å betra kvaliteten på fiskeråstoffet. Men det franske firmaet har også levert tusenvis av fiskekassar til britiske hamner, etter det bladet opplyser.

Nedgang i kvantum, kraftig auke i verdi i britisk fiske i 1977

Makrell ga størst kvantum

Kvantumet som britiske fiskefartøy kom til lands med i Storbritannia i 1977 gjekk ned med fire prosent samanlikna med året før går det fram av eit oversyn frå Fiskeriekonomisk avdeling i White Fish Authority. Kvantumet i 1977 utgjorde 900 000 tonn. Det var likevel ein kraftig auke i verdi på fisken. Samla verdi utgjorde 251 mill. pund, ein verdiauke på 24 prosent frå året før.

Nedgangen i torskquantumet er særleg alvorleg. Samla torskquantum var 146 500 tonn, ein nedgang på 31 prosent frå året før. Hysekquantumet gjekk ned med 3 prosent, kviting med 4 prosent og sei med 10 prosent. Samstundes var det kraftig verdiauke nett opp på desse fiskeslaga.



Nedgangen i torskquantumet var stor for britiske fiskarar i fjor. Dette får særleg trålarane merke. Einskilde reiarlag satsar nå på å halde frysetrålaren i gang, og lar heller ferskfisktrålarane ligge i bøylene. Bildet viser frysetrålaren «Kelt» av Hull fotografert av «Fiskets Gang» i Hull.

Landingar i Storbritannia frå britiske fiskefartøy i 1977

	1976		1977		Endring i %	
	Tonn	Verdi (£ 1 000)	Tonn	Verdi (£ 1 000)	Vekt	Verdi
Botnfisk:						
Torsk	212 109	80 225	146 500	76 400	— 30,9	+ 38,1
Hyse	127 469	34 860	123 500	48 400	— 3,1	+ 43,6
Kviting	49 423	9 048	47 200	13 250	— 4,5	+ 53,6
Sei	40 680	7 010	36 500	10 200	— 10,3	+ 62,2
Raudspette	31 875	12 295	37 300	15 850	+ 17,0	+ 10,1
Pigghå	16 656	2 627	16 600	3 500	— 0,3	+ 33,5
Tobis	25 461	814	10 000	380	— 60,7	+ 18,8
Augepål	18 700	520	26 000	970	+ 39,0	+ 32,1
Andre	52 165	18 821	56 400	25 050	+ 8,1	+ 23,0
I alt	574 538	166 220	500 000	194 000	— 13,0	+ 34,3
Pelagisk:						
Sild	91 062	11 588	42 350	12 650	— 53,5	+ 135,4
Brisling	89 740	3 294	93 000	4 800	+ 3,6	+ 40,5
Makrell	87 098	5 251	170 000	12 100	+ 95,2	+ 18,3
Andre	8 344	335	14 650	450	+ 75,6	— 22,5
I alt	276 244	20 468	320 000	30 000	+ 15,8	+ 27,0
Skalldyr	82 023	23 106	80 000	27 000	— 2,5	+ 19,9
Totalt	932 805	209 794	900 000	251 000	— 3,5	+ 24,0

Auke i pelagisk fiske.

Situasjonen var lysare for pelagisk fiske, og her gjekk kvantumet opp med 16 prosent. Makrell-kvantumet vart nesten dobla, og utgjorde 170 000 tonn til ein verdi på 12,1 mill. pund. Makrellen toppar dermed fangst-statistikken om vi ser på kvart einskild fiskeslag. Heile 40 000 tonn av makrellen gjekk til kon-

sum på heimemarknaden i Storbritannia, også det ei dobling frå året før.

Nedgang i flåten.

Den havgående britiske fiskeflåten vart redusert med 15 fartøy i 1977. Den største nedgangen i flåten skjedde i Aberdeen, der det aleine var ein nedgang på 15 fartøy.

Grønlandske representantar med i styret for Nordafar

På eit møte i Thorshavn er to grønlandarar innvalde i styret for Nordafar. Nordafar er eit færøysk selskap som driv rekefabrikk, fryselager, saltlager, reparasjonsverkstad og anna verksemd i samband med fiske, i Færingehavn på Grønland. Det var etter færøysk ønske grønlandarane kom med i styret for Nordafar, skriv «Dansk Fiskeritidende», og grunnen er at dette betre vil sikre drifta i Færingehavn, blir det sagt.

Industriutslepp gir sjukdom på torsk

Den danske veterinærhøgskolen har slått fast at ein sårjukdom på torsk har samband med forurensing av sjøen, skriv «Dansk Fiskeritidende». Av 4 906 torsk som vart fanga i Køgebukt og delar av Lillebælt, hadde 1 080 sårskadar. I desse områda er det store utslepp av kloakk m.a. frå industri. Det vart fanga 4 197 torsk ved Hundested, eit område utan nemnande utslepp, og berre to av desse fiskane hadde sår.

Det er ein bakterie kalla vibrio anguillarum som er årsak til såra, og denne bakterien finn ein der det er utslepp av kolhydrat via industrikløakar, skriv «Dansk Fiskeritidende».

Torskestammen mindre enn nokon gong før — men overflod av flyndre!

Det siste ressursoversynet frå det islandske havforskningsinstituttet gir eit noko lysare bilete av fiskeressursane rundt Island enn «den svarte rapporten» som kom før nokre år sidan, skriv «News from Iceland». Men for eit så viktig fiskeslag som torsk, gir rapporten ingen grunn til optimisme på kort sikt, i alle fall. Bladet presenterer eit utdrag av den nye rapporten, som den islandske fiskeriministeren har døyppt «den grå raporten», og vi tar med det viktigste.

Torskestammen gir grunn til både håp og uro.

Trass i auke i maskevidda, stopp i torskefisket i bortimot ein månad og fiskeforbod på visse felt, fiska islendingane rundt 340 000 tonn torsk i 1977. Gytebestanden går ned, og dei islandske havforskarane spår at det vil vera mindre enn 200 000 tonn kjønnsmoden torsk att når vinterfisket nå er slutt. Gytebestanden har aldri

vore så liten sidan forskarane tok til med systematisk kartlegging, blir det det sagt.

Men analysane syner og at 1973-årsklassen er sterk, og -74 og -75 år-gangane er sterkare enn venta. Tidlegare var dei to siste rekna som svært svake årsklassar. Forskarane omtalar 1976-årgangen som lovande. Det islandske havforskningsinstituttet rår til at det ikkje må fiskast meir enn 270 000 tonn torsk i 1978. Dette er 5 000 tonn mindre enn fiskeristyresmaktene har fastlagt. Av økonomiske og sosiale årsaker blir dette neppe endra. Dersom Islands fiske hadde gått etter tilrådingane frå havforskarane, ville det ha ført til eit eksporttap på 59 millionar dollar i fjor, skriv «News from Iceland».

Det må ikkje fiskast meir enn 40 000 tonn hyse.

Havforskarane rår frå at det blir fanga meir enn 40 000 tonn hyse i år. I 1977 var fangsten ca. 35 000 tonn. Gjennomsnittet dei siste åra har lege

mellom 40 og 50 tusen tonn. I perioden 1950—70 var årsgjennomsnittet 70 000 tonn. Hysestammen var størst i 1963 med 388 000 tonn. Nå reknar havforskarane med at der er 180 000 tonn hyse rundt Island, og at 109 000 tonn er gytemoden fisk.

Seikvote på 60 000 tonn.

Totalfangsten av sei har gått nedover i fleire år. Fisket var best i 1971, med 137 000 tonn. Det internasjonale havforskningsrådet granska seiressursane rundt Island i fjor, og kom til at det var forsvarleg å fiska inntil 60 000 tonn i 1977 og -78. Dette seier dei islandske havforskarane seg samde i.

Uerfiske på same nivå som i fjor.

Det vart fanga 62 000 tonn uer i islandske farvatn i 1977. Vest-Tyske fartøy fiska 32 000 tonn av dette, og belgiske og norske fiskarar rundt 2 000 tonn. Totalfangsten av uer har også gått ned. Fangsten var størst i 1965 med 114 000 tonn. Dei siste åra har årsgjennomsnittet vore rundt 70 000 tonn. Havforskarane tilrår ein fangst på inntil 60 000 tonn i år.

Fangsten av flyndre kan fordoblast.

Flyndreressursane rundt Island er underutnytta meiner havforskarane. I fjor fiska islendingane 5 000 tonn, men fangsten kan trygt doblast, blir det sagt. Årsaken til at islendingane relativt sett fiskar så lite flyndre, er mellom anna eit forbod mot tråling på flyndregrunnane. Dessutan ser islandske fiskarar med mistru på snurrevad som ellers kunne ha vore brukt til dette fisket.

Blåkveitebestanden har vore overfiska.

Havforskningsinstituttet tilrår ein blåkveitefangst på maksimum 15 000 tonn i år. Denne bestanden vart kraftig overfiska av sovjetiske og tyske fartøy for nokre år sidan. I 1974 var det til dømes tatt rundt 36 000 tonn.

Rognkjeksressursane er fullt utnytta.

Ekspertane meiner at det kan fiskast 7 700 tonn rognkjeks. Det er det same som i fjor. Denne fiskeressursen er fullt utnytta, seier havforskningsinstituttet.



Den islandske snurparen «Alftafell» på veg inn med full loddelast. (Båten vart seinare seld til Noreg.) Islendingane fanga 808 900 tonn lodde i 1977. Året før var fangsten 450 100 tonn, og i rekordåret 1974, 461 900 tonn. Den store auken i det islandske loddefisket i fjor kom av utvida fiske i område nord, nordvest og nord-aust av Island. Islendingane fanga 246 200 tonn i januar og februar i området mellom Island og Jan Mayen, og 259 700 tonn nord og nordvest av Island i tidsrommet juli—desember. Samla fangst i desse områda har gått opp frå 0 i 1972, til over 500 000 tonn i fjor. Men det er grunn til å auka det islandske loddefisket endå meir, hevdar havforskarane. Dei meiner loddebestanden tåler eit fiske på rundt 1 million tonn i året.



Islandske havforskarar i arbeid om bord på forskningsfartøyet «Hafthor». I høven ei rognkjeks, eit fiskeslag havforskarane meiner er fullt utnytta. Fotoet er tatt frå det islandske tidsskriftet «Sjávarfréttir».

Usemje om sild.

Som vi har meldt før i Fiskets Gang, er det usemje mellom havforskarar og politiske styresmakter på Island om kor stort fiske sildestammen tåler. Men denne usemja kjem ikkje fram i det utdraget av ressursrapporten som «News from Iceland» presenterer.

Det er to sildestammar islendingane har fiska på, vårgytande og sommargytande sild. Den vårgytande silda er nesten borte, og stammen syner knapt teikn til å bygga seg opp at.

Den sommargytande sildestammen var fiska ned til eit lavmål i 1971, og det var forbod mot notfiske etter denne silda frå 1972 til 1975. Havforskarane

reknar med at denne sildestammen i «glansdagane» var oppe i 350 000 tonn gytande sild. Etter -75 vart det åpna for fiske då stammen hadde bygd seg opp att til 85 000 tonn. Nå reknar ein med at der er 155 000 tonn gytmoden sommargytande sild ved Island.

Fiskeriministeren har avgjort at det kan fiskast 35 000 tonn sild i år. Det er ein auke på 20 prosent frå fjorårskvoten på 29 000 tonn.

Vanskeleg å fastslå kor stor loddebestanden er.

Dei islandske havforskarane vedgår at det er vanskeleg å seia noko sikkert om kor stor loddebestanden er. Men

det blir sagt i ressursrapporten at dei reknar med at det kan fiskast rundt 1 million tonn lodde i året.

Kolmule; ein viktig ressurs i framtida.

Kolmulen er eit fiskeslag som har vore minimalt utnytta rundt Island. Men islendingane set store voner til kolmulefiske i framtida. Der er store mengder å ta av langs austkysten og i området mellom Island og Grønland om sommaren. Havforskarane veit ikkje kor stor kolmulebestanden er, og det har berre vore drive prøvefiske til nå. Havforskarane rår til at islendingane held fram med eksperimenta.

Mindre hummarkvote i år.

Den islandske hummarkvoten var på 2 800 tonn i 1977. I år bør det ikkje bli fiska meir enn 2 500 tonn, står det i rapporten. Hummarfisket har vore kvoteregulert dei siste åra, etter at bestanden vart kraftig nedfiska i åra 1970—72. Då gjekk bestanden ned frå 18 700 tonn til 11 200 tonn.

Lokale reguleringar av rekefisket.

Rekebestanden varierer sterkt frå år til anna, og det er store skilnadar frå område til område. Derfor er der spesielle kvotar i kvart område. Overslag tyder på at det vil bli fiska vel 7 000 tonn reker i år. Det er omlag det same som i fjor. Men det er nyleg oppdaga nye rekefelt på djupt vatn, og det kan vera at havforskarane vil tilrå utvida rekefiske når dei nye felt er kartlagde.

Krillsamarbeid Chile-Frankrike

To franske selskap, Creusot Loire Enterprises og finansgruppa Bertin, har lagt fram planar om å få i stand eit fransk/chilensk selskap som skal foredla krill. Det er meininga å bygga ein fabrikk i den chilenske byen Puerto Williams for å ta i mot krillfangster frå Sydishavet. Dei franske selskapa skal stå for finansiering og teknologi, og chilendarane skal stilla med båtar og mannskap.

Det blir opplyst at planane ikkje kan settast i verk før den nye chilenske lova om støtte til utvikling av fiskerieringa ligg føre.

Danske fiskebåtar i hopetal til sals

Skål vi tru «Dansk Fiskeritidende», er kvar femte danske fiskebåt over 5 bruttotonn til sals nå. Marknaden for brukte fiskebåtar er sprengd, blir det opplyst. Fiskarane ventar at regjeringa skal gi hjelp. Men formannen for Hundested Fiskeriforening seier at danske fiskarar må sjå i augene at det kan koma ei varig nedskjæring av fiskeflåten.

Matmesse i Göteborg

I samarbeid med ei lang rekke svenske næringsmiddelorganisasjonar arrangerer Svenska Messan Stiftelse matmessa Interrest/Interfood i Göteborg 10.—13. oktober. Alle delar av næringsmiddelindustrien blir representert, og rundt 500 firma frå 27 land skal stilla ut. Dei har til disposisjon 20 000 m² i 8 hallar.

Auka produksjon av frosen torsk i Canada

Produksjonen av frosen torskefilet og torskeblokker auka med meir en 44 prosent i Canada i 1977 samanlikna med året før. Produksjonen av frosen torskefilet gjekk opp frå 30 millionar pund til vel 33.6 millionar

pund og blokkproduksjonen opp frå 40.7 millionar pund til 68.3 mill. pund.

Produksjonen av hyse gjekk også sterkt opp. Filet auka frå 5 millionar pund i -76, til 8.7 millionar pund i fjor. Blokkproduksjonen gjekk opp frå 1.8 til 3.9 millionar pund.

Uer var det einaste av dei viktige fiskeslaga der produksjonen gjekk ned. Filetproduksjonen gjekk ned frå 46 til 41.2 millionar pund og produksjonen av uerblokker ned frå 1.8 til 3.9 millionar pund. Produksjonen av flyndrefilet i 1977 var 48.1 millionar pund og produksjonen av flyndreblokker 10.3 millionar pund. Det var omtrent som året før.

Produksjonen av fish stics og por-sjonar var og omlag som i 1976, rundt 41.5 millionar pund.

Stor omsetnad av fisk på boks i Storbritannia

Det vart omsett fiskehermetikk for 103 millionar pund på den britiske marknaden i fjor, skriv «Fishing News», det er nesten like mykje som omsetnaden av frosenfisk som kom opp i mellom 120 og 160 millionar pund. Bladet slår fast at det er pengar å tena på fiskehermetikk, og desse pengane bør tenast av britar. Det «Fishing News»-tenker på er betre utnytting av m.a. makrellen som britane har fiska mykje

av dei siste par åra. Makrell er nå kvantummessig det viktigaste fiske-slaget for britiske fiskarar. I 1977 var fangsten 170 000 tonn, men britane brukte berre 40 000 tonn sjølv, og ein god del av dette gjekk til mjøl og olje. Resten av makrellen vart eksportert fersk, og kom att som hermetikk frå Danmark, Frankrike og andre land. Dette er ikkje i Storbritannias interesse, og nå må britisk fiskeindustri ta seg saman og vidareforedla fisken sjølv, skriv bladet.

Britane har også forsømt seg når det gjeld brisling, hevdar «Fishing News». Storbritannia importerte 550 000 kassar å 100 boksar norske sardiner i 1977. Mesteparten var produsert av skotsk brisling, og burde ha vore lagd i boks i Storbritannia, skriv bladet i ein artikkel som konkluderer med at nå må britane konsentrera seg om produksjon og marknadsføring for å få maksimalt ut av fiskeressursane.

LOFOTFISKET

(Oppsynsdistriktet) pr. 23. april 1978.

SLUTTRAPPORT

Fangst, tonn i uken	3 713
Fiskevekt	3,1—3,6
Kg fisk pr. hl lever	1 100—1 250
Tranprosent	49
Antall farkoster	550
Antal mann	1 543

Total:	
Henging tonn	15 911
Salting «	24 029
Salting til filet «	1 144
Fersk «	4 074
Frysing, rund «	410
Frysing, filet «	11 804
Hermetikk «	69
Damptran hl	21 506
Lever til an anv. «	1 007
Rogn, skarpsaltet «	835
« sukkersaltet «	19 196
« fersk «	1 640
« frysing «	3 559
« hermetikk «	317
« dyrefor «	648

1978 tonn:	57 441
1977 «	46 786
1976 «	32 410
1975 «	23 673
1974 «	25 994
1973 «	64 968
1972 «	97 902
1971 «	77 854
1970 «	52 709
1969 «	43 878

Fiskeri-reisestipendiat med base i London

Med midler som stilles til disposisjon fra Det Kgl. Fiskeridepartement kan det til en yngre person som har de nødvendige teoretiske, faglige og språklige kvalifikasjoner tildeles et reisestipendium for studie av markedet for fisk og fiskeriprodukter i Storbritannia. Stipendiaten skal ha Den norske Ambassade i London som base, eventuelt Norges Eksportråds London-kontor.

Stipendiaten må ha tilknytning til fiskerinæringen, og det er en forutsetning at vedkommende skal fortsette i bransjen etter oppholdet i Storbritannia. Reisestipendiet skal dekke oppholdsutgifter, mens spesielt pålagte lengre reiser vil bli dekket særskilt.

Stipendiet er beregnet å vare 1 år, og tiltredelsen vil bli avgjort individuelt, men skal fortrinnsvis skje i løpet av juni.

Søknadsfrist 8. mai.

Ref. avd.sjef Malmo, Norges Eksportråd, Drammensveien 40, OSLO 2.

LOVER OG FORSKRIFTER



SELAVGIFT FOR 1978.

Ved kongelig resolusjon av 31. mars 1978 ble i medhold av § 5, første ledd i lov av 14. desember 1951 om fangst av sel bestemt:

I.

Selavgiften for 1978 fastsettes til en krone pr. fanget sel uansett selart.

II.

Etter ankomst til norsk havn pålegges fangstskutenes redere — uansett hvor fangsten leveres — å anmelde fangsten og dens sammensetning til Fiskeridirektoratets kontrollverk i Ålesund eller Tromsø, samt å foranledige avgiften innbetalt samme sted.

III.

De nærmere bestemmelser om innkreving av selavgiften fastsettes av Fiskeridepartementet.

